



Kultursjef og skulemeister Kristian Bringedal (til venstre) er i sitt ess når han får halda gamaldags skuletime. Til høgre sit Sigvald Eik (91) som også denne gongen ausa av sin kunnskap. Vidare mot venstre sit Karen Schoenenberger (frå Des Moines, Iowa), hennar mor Charlotte Sparboe Hill (frå Story City, Iowa), Gerhard Lie (frå Os), Bill Schoenenberger (frå Des Moines, Iowa) og Toril Myklebust Lie (frå Os). (Foto: Ola Matti Mathisen).

To norskamerikanar med uskedølsrøter og ein med tyske anar fekk ei høgst spesiell oppleving då dei kom til Uskedalen måndag. Kultursjef og skulemeister Kristian Bringedal heldt ein "gamaldags" skuletime for dei i Haugland gamle skule.

Der fekk dei vera med og syngja både "No livnar det i lundar" og "Fager kveldssol smiler". Norsk vertinne og slektning Toril Myklebust Lie (busett på Os og dotter av Arne og og Aud Myklebust) las om Jesus som stilte stormen.. Til gjengjeld var ikkje Charlotte Sparboe Hill (80) frå Story City i Iowa snauare enn at ho song bordverset på norsk! Og ho mintes sine første år på ein landsens skule som på mange måtar ikkje var ulik den på Haugland.

Charlottes oldefar heitte Johannes Haugland. Han var frå Haugland og emigerte til Amerika i 1866. To år seinare fylgde ho som skulle bli kona hans, Kari frå Bringedalsbygda, etter. Johannes var ein av 10 søsken, men berre fem levde opp, fortalde Sigvald Eik (91) som også er ein slektning og fungerte som eit levande leksikon også ved dette høvet.

Han fortalde at Johannes ikkje gjekk på Haugland skule – han drog til Amerika medan det framleis var omgangsskule her i landet. .Skulen vart starta først i 1893.

Mange med kvinnheradrøter slo seg ned i den paddeflate præriestaten Iowa sjøl om kontrasten frå heime knapt kunne bli større. Story City ligg seks norske mil utanfor hovudstaden i Iowa, som heiter Des Moines. Medan Charlotte altså bur i Story City, bur hennar dotter Karen og mannen Bill Schoenenberger i hovudstaden.

Dette er fjerde gongen familien er i Noreg og Uskedalen. Første gongen Karen var her – i 1969 – var det slett ingen snarvisitt. Då gjekk ho åtte veker på den internasjonale sommarskulen på Blindern i Oslo og fekk ei allsidig innføring i norsk levestett.

Ho fekk også oppleve ein natur som ho elsker og meiner må vera den vakraste i verda. Og mora legg til:
- Eg skulle gjerne ha budd her og ikkje i Amerika.



"No livnar det i lundar" blir her sunge
atter ein gong i Haugland gamle skule!
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Denne gongen var trioen på brudlaup i Harstad før dei sette kursen sørover i landet. Dei blir her til onsdag. Måndag kveld er det familietreff hos Sigvald og tirsdag kveld hos Pål Haugland. Tirsdag får dei også læra meir om det Noreg som var - under ein visitt til Bygdetunet Rød.

Av Ola Matti Mathisen



Toril Myklebust Lie frå Os les om Jesus som stiller stormen. Bill Schonenberger frå Iowa sit til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen)